

Leikanger KYRKJELYDS BLAD

Nr. 1 - 2017 Årgang 71

Holum misjonslag 150 år
Møt den nye presten vår, Vegard
Soga om Leikangerkrusifikset



Oversikt over tilsette, kontaktadresser og telefonar:

ADMINISTRASJON LEIKANGER OG SOGNDAL

KYRKJEKONTOR

Besøks-/postadresse:

Kyrkjevegen 6, Stedjetunet, 6856 Sogndal

Tlf sentralbord: 57 67 99 85,

E-post: post@sogndal.kyrkja.no

KYRKJEVERJE:

Jorunn Merete Haukås-Eide

Telefon mobil: 404 76 682

E-post: kyrkjeverje@sogndal.kyrkja.no

jorunn.merete@sogndal.kyrkja.no

SOKNEPRESTEN I LEIKANGER OG NORUM:

Vegard Bondevik Lie

E-post: vegard@sogndal.kyrkja.no

Tlf: 906 19 080

KYRKJETENAR/REINHOLDAR:

Cristina Sandor

E-post: cristinasandor82@yahoo.com

Tlf: 482 17 237

KANTOR:

Hallgeir Øgaard Westli

E-post: hallgeir@sogndal.kyrkja.no

Tlf: 940 03 834 Heimeside: www.hallgeir.com

SOKNERÅDSLEIAR:

Björg Anda

E-post: bjorganda@gmail.com

Tlf: 476 76 893

KYRKJELYDSPEDAGOG

Monica Ugulsvik

monica@sogndal.kyrkja.no

Tlf 906 17 319

LEIGE AV KYRKJELYDSHUSET:

Björg Anda

E-post: bjorganda@gmail.com

Tlf: 476 76 893

www.leikanger.kommune.no/kyrkja

Informasjon om Leikanger kyrkje, tilsette og gudstenesteliste

www.sogndal.kyrkja.no Informasjon om

kyrkja i Leikanger og Sogndal

www.facebook.com/leikangerkyrkja

www.kyrkja.no Kyrkja sentralt sin nettside

www.kyrkja.no/bjorgvin Bjørgvin

bispedømme sine heimesider

www.kyrkjefolk.no

om boka Kyrkjefolk

LEIKANGER KYRKJELYDSBLAD

Organ for Leikanger sokneråd

Redaksjon: Åse Kongsvik, Hege Feet Askvik,

Kirsti Svangstu, Bjørn Søltnæs og Sindre B.

Ramung

Kasserar for bladet: Reidar Tjønn

Layout: Elianne Eggum

Trykk: Husabø prenteverk

Framsidedfoto: Bjørn Søltnæs

Har du sett lyset?

Påskeandakt, Vegard Bondevik Lie

Ser du lyset?

Lyset frå påskemorgon?

Det er tidleg på morgonen. Det er i ferd med å lysne av dag, då Maria og Maria går til grava.

Det er den første dagen i veka. Det er ein slags "manda' morra blues".

Vi kan alle sjå for oss korleis lyset er tidleg om morgonen. Når eg ser for meg lyset på påskemorgon der ved Jesu grav, så ser eg eit sollys som ikkje heilt bryt gjennom morgondisen. Det er lyst og skarpt samtidig som det er litt ullent og uklart.

Påskemorgonlyset lyser mot oss i dag.

Jesus har stått opp!

Han har blitt levande igjen!

Han som var død, er levande!

Livets lys strålar, men... så ligg morgondisen der framleis. For det er noko heilt uforståeleg med denne oppstoda.

Den er ikkje til å tru, ..eller det er nettopp det den er. Den er til å tru, men ikkje til å forstå.

Eg ser eit lys, men eg klarar ikkje heilt å forstå kva det er.

Jesus har stått opp!!

Å feire påske er å feire det heilt grensesprengande. Her stansar fornuften. Og her byrjar trua.

Oi, korleis skal vi trauste kristne nordmenn få dette til å gå i hop. Eg merkar sjølv korleis mykje av den forkynninga eg har høyrte har vore fokusert på korset og Jesu død. Han døydd for meg. Han døydd for deg. På korset bar Jesus all verdens synd på seg. Og det er det i grunnen greitt å fatte også. Fram til påskeafta er den bibelske påskeforteljinga heilt grei. Det er ikkje så vanskeleg å forklare at Jesus rei på eit esel inn i Jerusalem. Det er heller ikkje så vanskeleg å forklare at Jesus innstifta nattverden. Og det at han vart hengt på eit kors og døydd for oss, er også innanfor det vi kan fatte med vår forstand. Men så kjem denne påskemorgonen med sitt lys! No vert grensene sprengde. Så er det då også på dette punktet, på oppstoda, at folk flest undrar seg. I undersøkingar om kva folk trur på, vil dei aller fleste gå med på at det eksisterte ein historisk person som heitte Jesus, og at han sannsynlegvis vart avretta ved korsfesting ein gang for svært lenge sidan. Men at han var død og blei levande igjen – nei, det er det ikkje alt for mange som vil vere med på.

Ser du lyset ?

Vi skal få sjå påskemorgonlyset, og vi skal få tru at det hende. Jesus var død og vart levande igjen. Når fornufta må melde pass, skal trua få sleppe til. Vi skal få sjå lyset frå påskemorgon, og få vere i det, sjølv om det ikkje er heilt klart for oss kva det er.

For det er dette vår felles kristne tru byggjer på. At Jesus stod opp igjen og vann over døden. Ikkje berre døydd han for deg og meg, han stod opp for oss også. Oppstoda er heilt avgjerande for oss, slik Paulus seier det i 1. Korintarbrief: "...er ikkje Kristus stått opp, er trua dykkar meningslaus."

God påske!



Foto: Hallgeir Øgaard Westli

Møt Vegard, vår nye sokneprest



Her saman med to av borna sine under evangelielesing i Leikanger kyrkje.

I januar byrja Vegard Bondevik Lie som prest i Leikanger og Norum, då han og Mikael Bruun, som har vore vikar for Egon Askvik, byta tenestestad.

i som har truffe Vegard, kan slå fast at han er ein glad mann. Eller glad gut, som han nok vil beskriva seg sjølv. I vardagen går mykje av tiden med til familien, og rolla som familiemann med 4 born trivst han godt med. Nokon gjerne har vore innom eit yrke heile livet, men Vegard prøvd fleire forskjellige ting, ikkje berre vore prest. Han har mellom anna vore drosjesjåfør, journalist, jøterapeut og kommunikasjonsrådgjevar.

Det går nok litt på at eg som person er nysgjerrig på kva livet har å tilby, og likar å prøve forskjellige ting. Eg er og glad i kommunikasjon mellom menneske, og i desse jobbane har jo kommunikasjon som sentrale element, både mot enkeltpersonar, men og mot grupper og menneske.

Eg har gjort mange erfaringar i desse ulike jobbane, og meiner at dei forskjellige rollane utfyller kvarandre.

Eg kan dra veksler på erfaringar frå desse jobbane i korleis eg møter ulike menneske. Vegard trivst godt med å høyre til i ei folkekyrkje, og skjær at folk flest skal føle seg heime og finne sin plass der:

Eg er oppteken av at kanskje særleg born skal få vere synlege og finne sin plass i gudstenestene. Det skal tid vere noko som barn er med på eller som dei forstår i gudstenestene.

Vegard er oppvaksen i ein kristein heim, og vore vant med å gå i kyrkja. Han er svært glad i «folkekyrkja» og oppteken av at kyrkja skal fortsette å vere ein viktig institusjon i samfunnet og lokalmiljøet.

Kyrkja må få fortsetje å seie frå i viktige samfunnsspørsmål. Særleg dei som går på etikk, valtaransvar og menneskeverd.

Den siste tida har nok dei fleste fått med seg at ein i kyrkja har hatt ein stor debatt kring vigsel av likekjønna.

Det er ein svært vanskeleg sak, og eg har stor respekt for at det er svært ulike syn på denne saka. For eg er ikkje dette nokon fanesak. Når det er sagt, så er eg ja til å vigsle likekjønna.

Mange prestar kan fortelja om at dei fekk ei såkalla «allsoppleving» på eit tidspunkt, og då forstod dei at det var prest dei skulle bli. For Vegard var det ikkje nokon skild oppleving som førte til at han blei prest:

Det hadde vel meir med at eg ville gjere noko meningsfylt og viktig. Eg byrja å studere kristendom, og gjennom dette studiet blei eg utfordra på ulikt vis. Så eg var min veg inn i prestetenesta.

Logisk sett, plasserer han seg sjølv ca midt i kyrkja:

- Eg er en heilt vanleg mann, og ein heilt vanleg prest!

Det beste med jobben, syns Vegard er variasjonen. Prestetenesta er svært variert og med stort spenn, både i glede og sorg, men og menneske i alle aldre og situasjonar. Samtidig:

- Det å få vere med å lede og gjennomføre ei gudsteneste der mange frivillige er med og deltek – og faktisk får oppleve at dei ER deltakande – det er noko av det flottaste med jobben!

Før prestekarriera starta, hadde Vegard ein liten karriere som skihoppar og fotballspelar, på det han sjølv kallar «ekstremt lavt nivå». Eldste dottera til Vegard og Beate driv med skihopp, og har såleis tatt opp arven etter skihopparen Vegard Bondevik Lie.

- Eg er nok i overkant sportsinteressert, og då kanskje særleg fotball. Og for dei som lurar, så kan eg fortelje at eg held med Sogndal og Tottenham.

- Så du ser fotball i sort/kvitt, då?

- Hehe, ja, du kan vel seie det slik!

Andre ting som opptek Vegard når han ikkje er prest, er reising og akkurat no hyttebygging i Luster.

- Eg er veldig glad i å reise og oppleve nye ting. Favorittreisemålet er nok dei plassane eg ikkje har vore før.

Når bladet er komen i postkassane, er det nær tre månader sidan Vegard overtok som sokneprest sokna i Leikanger og Norum, to sokn som er i ein sorgprosess etter å ha mista ein god og kjær prest:

- Det er ein spesiell situasjon, og eg har jo og mista ein svært god kollega. Såleis deler eg sorga og saknet som no er i desse kyrkjelydane. Det er ein stor fordel, trur eg.

Han fortel at han har blitt svært godt motteken i kyrkjelydane, og det har gjort godt:

- Møtet med folk i Leikanger og Norum har utelukkande vore godt og positivt. Det gjer og godt at Egon gjorde eit så godt arbeid som han gjorde – det er veldig mange gode ting å gå inn i etter han.

Tida framover skal han først og fremst bruke til å bli godt kjent i sokna, og finne ut av kva som skjer i desse kyrkjelydane.

- Eg har lyst å vere ein prest som dei som bur i kyrkjelydane kan føle dei er tilfreds med, ein som dei kan koma til. Eg håpar dei kan føle eg representerer deira kyrkjelyd på ein god måte.

Han legg til at han er glad for at han fekk sjansen til å bli prest for Leikanger og Norum, og ser fram til å byrje eit nytt kapittel i prestetenesta. Vi ser og fram til å bli betre kjent med Vegard i tida framover.



Vegard i Ølmheim kyrkje. Foto: Heidi Fondenes.

Minneord etter Egon Askvik

Vår kjære sokneprest, Egon Askvik, døydde nyårsaftan etter ei tid med alvorleg kreftsjukdom. Han vart 58 år gamal.

Egon tok til som sokneprest i Leikanger i 2008. Han var ein inderleg og engasjert prest som heile bygda var glad i, både soknebarna og dei som kjende han frå andre arenaer. Me lærte mykje av Egon. Preikene hans var personlege og kloke. Han var ærleg og delte mykje – også om livet med sjukdommen og tankane han hadde om døden.

Det var så mykje Egon tok del i, både innafor kyrkja, i det lokale kulturlivet og i internasjonalt solidaritetsarbeid. Men først og fremst var han oppteken av menneske. Han brydde seg om oss. Sjølv om Egon var sjukmeld og hadde fått ein tung beskjed frå legane, valde han å gjennomføre konfirmasjonsgudstenestene i pinsehelga. Han tok initiativ til konsertar i kyrkja, og heldt fram med å vere redaktør for kyrkjelydsbladet. Egon deltok òg på soknerådsmøte, og kom med innspel og idear like til det siste. Sjølv til julespelet bidrog han med praktiske førebuingar. På julaftan, berre ei veke før han døydde, stod han framfor kyrkjelyden sin ein siste gong, lyste velsigninga og minte om alle menneska som er på flukt frå krig.

Egon elska musikk og kultur og ville at bygdefolket skulle få del i gode kulturopplevingar. Sjølv arrangerte han og la til rette for mange konsertar og førestillingar, som «Meir himmel, meir jord», pasjonskonsertar til påske og det svært omtytte julespelet på julaftan. Han øvde inn viser og songar til fleire Palmerevyar med mannskoret. Ikkje minst gav han ut platene «Gladværukt» og

«Over Stjernebru», der han saman med familien og muskarvener tolka kyrkje- og folkemusikk på ein personleg og vakker måte.

I 2015 gav Egon ut boka «Kyrkjefolk», der 100 medlemmer av kyrkjelyden fortel om livet, kyrkja, trua og Gud. Boka er eit flott og viktig verk om innbyggjarane i Leikanger, forholdet deira til kyrkja og det dei elles står for. Boka blir lesen av mange, også utanfor bygda, og biskop Halvor Nordhaug framheva fleire gongar kor viktig boka til Egon var.

Egon sitt prosjekt var å inkludere alle. Han elska kyrkjelyden, men viste like mykje interesse for tvilarane og dei ikkje-truande. Han ville vise Guds ord til alle og ville dei skulle kjenne seg heime i kyrkja. I «Kyrkjefolk» snakka Egon med soknebarna sine om det som er godt med kyrkja og trua, men òg om det som er vanskeleg. Han ville kyrkja skulle vere open for alle. Ikkje minst flyktningane i bygda var Egon oppteken av. Han gjorde alt han kunne for at bygdefolket skulle bli kjende med dei og knyte band.

Det var for dette breie og inkluderande engasjementet at Egon fekk Johan Nordahl Brun-prisen, som går til personar som i særleg grad evnar å byggje bru mellom kyrkja og resten av samfunnet. Det var akkurat ein slik brubyggjar Egon var. Nokre månader

før han døydde, vart Egon òg tildelt Leikangerprisen for kultur- og inkluderingsarbeidet sitt.

Egon døydde nyårsaftan heime i prestegarden, med alle sine næraste rundt seg. I minneordet i gravferda sa Ingrid, Egon si eldste dotter, at familien hadde mista både høvdingen, vismannen og trubaduren sin på same tid. Det er slik me i kyrkjelyden òg opplever det. Egon hadde så mykje å gi og saknet og tomrommet etter han er stort. Me er uendeleg takksame for at me har vore så heldige å bli kjende med Egon, å få lære av han og å ha han hjå oss som vår sokneprest. Me vil gjere det me kan for å vidareføre arbeidet hans og ta vare på det han stod for.

- Leikanger sokneråd



Foto: Matias Askvik

Det blir haust, det blir vinter, det blir vår ...

Palmerevyen er eit av høgdepunkta på Leikanger i påska. I fjor framførte Nilsemann visa om «Kyrkjefolk; den finaste boka eg veit». Ei fin vise, og ein hyllest til forfattaren av boka. I pausen møtte vi Nils, og etter å ha teke i mot skrytet vårt svarte han: «At vi skulle få slik ein prest!» - underforstått «det er for godt til å vere sant». Og når noko verkar for godt til å vere sant, så er det ofte det. I mai fekk vi den tunge meldinga.

Egon var sjuk, alvorleg sjuk. Vi klamra oss til håpet om at det skulle finnast ei behandling som kunne gje gode resultat. Vår og sommar var blitt til haust. Midt i dette gav Egon med familie og vener seg sjølv og oss rundt flotte opplevingar gjennom CD- og konsertprosjektet «Over stjernebru». Mange fine kveldssongar og salmar til ettertanke og trøyst. For meg var det ein spesiell salme som festa seg:

Å ver hjå meg

Å ver hjå meg for nå er kvelden nær
og snart det mørknar, Herre hjå meg vær!
Når all mi hjelp og trøyst har flytt sin veg,
du, hjelp for hjelpelause, ver hjå meg!

Kor snøgt han dalar, livsens stutte dag,
og jordlivs glede med sitt tome jag!
Omskifte ser eg kring på all min veg.
Å du som ei vert omskift, ver hjå meg!

Eg treng ditt nærvær kvar ei stund som kverv,
din nåde einast døyver freisting djerv.
Du er min førar og min trygge veg,

i skodde og i solskin ver hjå meg!

Kvi ottast meir når du meg signar mildt?
Gråt er kje beisk, og sår gjer ikkje ilt.
Kvar er din brodd, du daude, spør eg deg.
Eg siger vinn, min Jesus er hjå meg!

Syn meg din kross når augo mine brest,
lys meg til himlen når det mørknar mest;
sjå, morgonråden skin alt på min veg.
I liv og daude, Herre, ver hjå meg!

Ein vakker salme, ein salme til lindring og trøyst. Den blir gjerne brukt i påska, på langfredag. Det er kveld, det mørknar og Jesus døyr. Men morgonråden skin, og påskedag kjem med glede! I påska går vi gjennom både «haust», «vinter» og «vår» i løpet av ei veke.

Egon gjekk bort i inngangen til eit nytt år, på mørkaste vinteren. Egon formidla i ord og gjerning gleda over livet. Gleda over dei små tinga som lyser opp i kvardagen. Kanskje ville han ha sagt: «Men sola har jo snudd, - det går mot ein ny vår!»

Difor tenker eg å avslutte med eit par kjende vers av Elias Blix:

No livnar det i lundar, no lauvast det i lid,
den heile skapning stundar no fram til sumars tid.
Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord,
og atter som eit under nytt liv av daude gror.

Takk for at du var ein så flott prest for oss alle, Egon!

-Signe Eikenes-

HOLUM MISJONSLAG 150 ÅR. 1867-2017

Historisk bakgrunn

Det Norske Misjonsselskap

Holum misjonslag arbeider for Det Norske Misjonsselskap, NMS, som er det eldste misjonslaget og det største her til lands, skipa i 1842. Den fyrste misjonæren for NMS var Hans P.S Schreuder (1817-1882), teolog og lege frå Sogndal. Han drog til Zululand i 1843, der han arbeidde til han døydd. Slik sett er det naturleg å tru at sognebygdene kom tidleg med i misjonsarbeidet. For Schreuder var det «ny jord å pløye».

Ute i misjonsarbeidet gjekk det heile 14 år før den første kvinna vart døypt på misjonsstasjonen Umpumolo i Sør-Afrika. Heime i Noreg tok det til å røyna på trui på misjonsarbeidet. «Dei lærde» tvilte på om «primitive folkeslag» i det heile ville la seg omvenda til ein så høgtstående religion. Dette vart motsagt av Schreuder med grunngevingi : «Sanne misjonsvener stolar på

gjern med menn som forsangarar eller andaktshaldarar.

Leikanger Misjonsforeining

Laget vart på folkemunne nemnt som «gamlemisjon» eller berre «missjon». « Gamlemisjon» vart brukt fordi nye misjonslag med ymse arbeidsfelt kom etter. Namnet har altså ikkje med alderen på medlemmene å gjera, som ein kanskje kunne tru i dag.

Då det kom det opp at Holum misjonslag nærma seg eit jubileum, kom me litt i stuss om kva som var skipingsår og bakgrunn for laget. Kari Grinde Hatlevik har gjort eit stort arbeid for å finne ut av dette. Me kontakta kontoret i Bergen, hovudkontoret i Stavanger og fylkesarkivet. Dei eldste foreiningsprotokollane for Bergen NMS-krets er frå 1890, frå tidlegare tider er det lite å finne. Møtebøker har ikkje vore vanleg.

Me har funne at i 1986 vart det feira 120 års jubileum



Holum misjonslag ca. 1980

Fremst: Petrina Hamre Supham

Bak frå venstre: m/briller Ingeborg Grinde, Marta Bell, Helga Hellen, Brita Lunde, Sina Haveland, Borghild Grinde, Olga Eithun, Anna Engeseter, ? , Eldbjørg Åm, presten Bjarne Imenes

Guds Ords virkekraft.» Gleda over den store hendinga 06.06.1858 då den første Zulukvinna vart døypt, inspirerte M.B. Landstad til å skriva salma « Nu takker Herren alle Mand. Godt nytt er hørt frå Hedningland». Etter dette har NMS arbeidd i mange land og på mange område, både med forkynning og med praktisk hjelp. I 1850 - 60 åri kom det til mange NMS foreiningar. Først på 1900-talet ca 3500, med ein topp like etter 2. verdskrig ca 4500. Foreiningane vart ei viktig samling, særleg for kvinner i alle aldrar og samfunnslag, fyrst

for Leikanger Misjonsforeining dvs at den hadde skipingsår 1866. Ved dette høvet har Eldbjørg Åm notert bl.a. : «Sokneprest i Leikanger, Thorne, sette i gang ei innsamling av pengar til den første misjonær, Schreuder, sitt arbeid då, og fekk kvittering og takk for 19 specidalar og 35 shilling i 1843.» Vidare nemner ho eit takkebrev frå NMS i 1848. Dette tyder på at det har vore aktivitet i Leikanger Misjonsforeining heilt frå 1843, men at det berre var menn med i laget den første tida. E Åm avsluttar sine notat: « det ser ut som det har berre vore



Samling hjå Hans H. Grinde og Unni ca. 1932 på Grinde

Sitjande frå venstre: Ingeborg og Sjur N. Grinde, Kari L. Grinde, Anna Husabø Fosse, Unni Eithun Grinde.

Ståande frå venstre: Malena Nåtødal med sonen Sigvald, Ingemår Fosshagen, Brita Lønne Eggum, Jens J. Eggum, Johanna Liljedal Hauglund, Kari Husabø Huke, Kristen Hauglund, Unni Engeseter Grinde, Brita Ø. Henjum Grinde, Hans H. Grinde, Marta Engeseter, Maria Eggum (Djupapollen), Brita J. Grinde (Valbrekka)
Foto truleg Torina Nåtødal

menn med fram til 1866. Då vart det skipa ei foreining av både kvinner og menn i Korrane (Fosshaga) med medlemmer frå heile bygdi, med 79 personar.» Den tida budde smed Eirik Kjellson Fosse (1841-1929) med kona Ingeborg K. Husabø (1833-1909) i Korrane med huslyd.

I Leikanger kyrkjelydsblad oktober 1963 skriv sokneprest E. Bjorvand om 100 års jubileet for Leikanger misjonsforeining bl.a: «Foreininga vart skipa i 1863 og fyrste året med årsmelding var 1866, då med sokneprest Hafslund som formann og skomakar H. Schabo kasserar. 1867 sende foreiningi ut omgangsskulelærar Lars Mikkelsen Husbø som utsending til generalforsamlingi.»

1860- åri og utover ser ut til å vere gode år for NMS på Leikanger, den tidlegare nemnde sokneprest Johan David Haslund (1816-1869) hadde sonen Johan Christoffer f. 1844 som var misjonær i Becilio i Sør-Afrika. Omgangsskulelærar, bonde og ordførar Lars Mikkelsen Husabø (1839-1928) gift i 1874 med Kari Sjursdatter Mundal, hadde blant anna sonen Nils (1884-1911), som misjonsskuleelev, men som døydd i ung alder av tuberkulose.

Året 1867 vart ei kvinneforeining starta med møte ein gong i månaden i Leikanger Prestegard. Frå 1897 finst det ein rapport som nemner to kvinneforeiningar; ein på Huke, med 30 medlemmer, og ein i prestegarden med 68 medlemmer. Årsmeldinga i 1901 nemner i

tillegg kvinneforeininga på Njøs. Dette tyder på tre kvinneforeiningar på Systrend.

Holum Misjonslag

Angående skipingsår for Holum Misjonslag, har me fått oppgeve 1867. Ei utsegn er at Lars Mikkelsen Husabø kontakta Randi O. Huke (1839-1926) og bad henne samla konene i ytre bygdi, Holum skulekrins, til arbeid for misjonen, noko ho gjorde. Randi var slektning av kona til Lars. Randi levde første tida på farsgarden Hauge på Huke. På eldre dagar budde ho på eiegen sin Holum der ho bygde seg hus. Randi var ugift, ho var ei sjølvstendig og uredde dame som t.o.m kunne irettesette emissærane om dei fortalde noko som ikkje stemde med det som stod i misjonsbladet « Kinesaren». Skipingsmøtet for Holum ML har mest truleg vore på garden Hauge på Huke. Sidan samla Randi konene til møte både på Huke og Holum. Ei tid heldt ho og foreining for born.

For Holum Misjonslag vart det meir og meir vanleg at møta gjekk på omgang i heimane til medlemmene. Når det var "misjon", var det pynta i stova, presten var med om det høvde, eller ein emissær. Dei las frå Misjonstidende og song frå Sangboken. Kvinnene var ikkje vane med å sitja med hendene i fanget, så i tillegg til å samlast om Guds ord, hadde dei handarbeid med, noko som ofte vart til gåver på ein årleg basar. Matøkt med «påsmurt», tebrød og bløtkake, og praten om det

daglege, gjorde samkoma til ei sosial stund også.

Like etter krigen i 1950-åri var prestefrua Hanna Ruset, dotter til misjonær Eikrem, ivrig med i misjonsarbeidet

born. Her finst også møtebok som bl.a. beskriv ein «Åm-basar»

Det ser ikkje ut som det har vore skrive møtereferat før



Bilete nr. 2 «Misjon» hjå Signe Åfet ca. 1955 i Nåtedal

Sitjande frå venstre: prestefrua Hanna Ruset, Malena Nåtedal, Unni Engeseter Grinde, Unni M. Hauge Grinde, Brita J. Grinde, Brita Lønne Eggum

2. rekkje: Signe Åfet, Maria Eggum (Djupapollen), Olga Eithun m. Liv, Brita Lunde, Petrina Hamre (Supham), Sigrid J. Grinde

3. rekkje: Lovisa Fosse, Turid Grinde Lidal, Olina Verken, Synneva Tangsbø Supham

Foto truleg Ingeborg Grinde

her i Holum. Andaktsboka me no nyttar no er nettopp hennar samling: «Rasteplassen». Ei av dei som i ettertid, med stor iver, fortsette med Holum Misjonslag var Eldbjørg Åm (d. 2009). Ho og mannen Olav er me mykje takk skuldig for det dei bidrog med, både for oss vaksne og borni våre. Den årlege «Åm basaren» i heimen deira ved Kyndelsmesse, minnest me alle med stor glede. Det var blant anna stor stas då me fekk takkebrev heilt frå Madagaskar, frå misjonær Åsa Brekke frå Vik. Eldbjørg hadde mykje sut for at arbeidet for misjonen måtte fortsette etter hennar tid. Og etter litt pause samlast me oppe på Grinde hjå Undis Oppedal 29.01.2008. Eldbjørg var diverre ikkje så frisk at ho kunne vere med. Frå 2008 til no har me halde møte ein gang i månaden ca 6 gonger i året. Me prøver å fylgja det me minnst frå då mødrene og bestemødrene våre kom saman, men kanskje i litt enklare form. Me lyt vedgå at gjennomsnittsalderen er stigande, og at me ikkje er så mange. Me skriv referat etter kvart møte. Medan borni våre var små, hadde me eigi samkome for dei; Holum misjonsklubb, tilslutta NMS, starta i 1974 med 23 born, siste møte var 5. november 1982 med 4

vår tid (2008). Utskrifter me har angående gåver til NMS viser frå Holum Misjonslag:

1968: Formann Ingeborg Grinde,
Kasserar Karen Huke, 12 medlemmer, 8 møte
1969: Formann Ingeborg Grinde,
Kasserar Borghild Solberg, 14 medlemmer
1971: Formann Signe Åfet,
Kasserar Borghild Solberg, 14 medlemmer
1981: Formann Anna Engeseter,
Kasserar Olga Eithun, 14 medlemmer

Holum Misjonsklubb:

1976: Formann Undis Oppedal,
Kasserar Kari Hatlevik, 19 medlemmer
1977: Formann Ingebjørg Fosse,
Kasserar Kari Hatlevik, 17 medlemmer
1978: Formann Ingebjørg Fosse,
Kasserar Kari Hatlevik, 12 medlemmer

No er det Ella Lunde som er kasserar, og det er 6 faste medlemmer.

Utskriftene viser at gjevargleda til NMS har vore stor. "Misjonsbøssa" vår er ein antikvititet. Den har truleg fylgd laget gjennom dei fleste åri, men er diverre ikkje merka med bokstavar eller tal. Ho er laga av blekk, lodda saman, forma som ei kjegle med lok. Bøssa er frå Randi O Huke si tid.

NMS arbeider på fleire område i utlandet og heime i Noreg. NMS driv i Sogn bl.a. Alværa misjonssenter. Der var Eldbjørg Åm ein ivrig pådrivar og arbeidar i starten. Arbeidet ute i verda vert drive på mange plan: forkynning, helsearbeid og praktisk hjelp.

150 års jubileet vårt fell saman med det året NMS tok til med arbeidet sitt på Madagaskar, og med 175 års jubileet for stiftinga av NMS.

Tidlegare kasserar Borghild Solberg, skreiv i 1999 ein song som me enno nyttar ved kollekten:

Tone: Gjer døri høg gjer porten vid
Med bøn og tru i Jesu namn,
Legg me vår gåve for deg fram.
Hav takk vår far at også me,
Til deg vår vesle skjerv kan gje.

Ein givar glad fortel ditt ord,
Skal få velsigning her på jord.
Lat ordet ditt få visa veg,
Alt det me eig, me fekk av deg.

Lat ord om deg vår frelsarmann,
Nå ut til alle folk og land
Det er ditt bud, du har befalt,
Gå ut, fortel, alt er betalt.

Velsign kvar kvinne og kvar mann,
Som ut er sendt til framant land.
Styrk dei med ånd og kraft frå deg,
Så heidning sjel, finn livsens veg.

Hjelp oss kvar dag å leva rett.
Høyr bøn og frelsa for vår ætt.
Du elsker oss med kjærleik stor.
Å frels, å frels vår arme jord.

**Markering av 150-års jubileet vert i
Leikanger kyrkje søndag 17.09.2017.**



Kollektbøssa frå Randi Huke si tid



Her er Holum Misjonslag anno 2017 :

Frå venstre: Undis Oppedal, Kari Grinde Hatlevik, Ella Lunde, Jenny Nåtedal. Ingebjørg Fosse og Olaug Rimala var ikkje tilstades på bilete. Foto: Turid Oppedal

Johan Nordahl Brun prisen 2017 til Egon Askvik

Minnekoncert 23. april i Bergen


Rett før jul vart Egon tildelt Johan Nordahl Brun prisen for 2017. Juryen består av ordføraren i Bergen, dagleg leiar i Kirkens Bymisjon i Bergen og Bjørgvin biskop.

Prisen vert tildelt personar innan Bjørgvin bispedøme som har verka som brubyggjarar mellom kyrkja og resten av samfunnet. Egon Askvik fekk prisen for sitt breie engasjement for samspel mellom kyrkja og kulturen. Boka «Kyrkjefolk» var særleg nemnd i grunngjevinga. Prisen vart delt ut posthumt ved minnesamværet etter Egon si gravferd 6. januar. Søndag 23. april vert det markering av prisen med minnekoncert i Korskirken i Bergen.

Sjølve prisen består av eit diplom og 20.000 kroner, betalt av Bergen kommune. Prisvinnaren må gje pengane til eit føremål. Egon og familien ynskte at pengane skulle gå til Kirkens nødhjelp, ein organisasjon Egon hadde eit sterkt forhold til.

Markeringa i Korskirken 23. april byrjar kl. 18. Arrangementet er gratis. Det består av ein times program med nokre helsingar og mykje musikk der familien Askvik deltek. Kyrkjekaffi etter konserten. Kollekten går til Kirkens nødhjelp. Biskopen håpar at det og er sogningar som finn vegen.

Dei to føregåande åra vart prisen tildelt Sigvart Dagsland og Karoline Krüger (2015) og Helge Jordal (2016).



Konfirmasjonar i Leikanger 2017

Laurdag 3.juni kl.11

1. Veronica Borlaug
2. Bellinda Daniele Crisera
3. Jessica Daniele Crisera
4. Amanda Marie Dyngen
5. Silje Veronica Leiren GjØringbØ
6. Sigrid Kristiansen
7. Dina Krosshaug
8. Sigurd Næss
9. Tor Magne Eiken Oppedal
10. Adam Grepstad Røysum
11. Andreas Røysum

Sundag 4.juni kl.11

1. Per Bjørk
2. Ida Maria Bruheim Borlaug
3. Kamilla Menes Hove
4. Olav Himle Johnsen
5. Oline FlatabØ Kleiven
6. Vilde Oppedal Jacobsen
7. Torbjørn Strømseng Ophun
8. Per Sandvik SØlsnæs
9. Solveig Vagstad
10. Eirik Skrede Valvik

Sundag 4.juni kl.13

1. Andrea Alvik
2. Kristian Fardal Hagheim
3. Solveig Rohde Hestholm
4. Nils Kristian Lunde
5. Sander Sælid Njøs
6. Sverre Linde Røyseth
7. Julie Venes Røysum
8. Marcus Servold
9. Malin Thorsnes
10. Anna Torvund





KIRKENS NØDHJELP
actalliance



**JA, VI ELSKAR
DETTE VATNET**

Bli ein brønnbyggjar
– støtt Fasteaksjonen

2.-4.
april

SEND **GAVE** PÅ SMS TIL **2426** (200 KR) Vipps eller MobilePay til **2426**

Fasteaksjonen 2017

Veka før påske er konfirmantar over heile landet med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Dei går frå dør til dør med innsamlingssbøsser. Dersom du ikkje var heime då konfirmantane våre gjekk rundt tysdag 4. april, kan du likevel støtte aksjonen. Send sms GÅVE til 2426 og gje 200 kr. Eller bruk Vipps eller MobilePay til 2426.

Ja, vi elsker dette vatnet

– Vatnet smakar mykje betre, og kleda er mykje reinare enn før, seier Richard Wilson, før han tek ein ny slurk av vatnet frå landsbyens nye brønn. No er livet enklare, friskare og meir morosamt for Wilson.

Før kunne Wilson bruke mange timar på å hente vatn til familien. Køen ved brønnen kunne vere lang, og for kvart minutt med venting, vart det eit minutt mindre med fotballspeling saman med venene. For ein 13 år gamal gut er det hardt å akseptere.

Men vatn må familien til Wilson ha, og å skaffe vatnet er hans ansvar. Og det er eit tungt ansvar, bokstaveleg talt. Fire kannar med vatn skal fraktast frå brønnen og heim, og når kannene er fulle er vekta på 80 kilo. Det er god trim for ein 13-åring, kanskje litt for mykje av det gode, tenkjer mange. Men vatn må familien ha.

Den gode nyheita er altså at det nyleg har skjedd endringar i landsbyen Ikonda, der Wilson bur. I landsbyen har fleire brønnbyggjarar fått opplæring, og ein ny brønn er på plass. Den har gjort køen ved brønnen kortare og vatnet reinare. Sjukdommar som diaré og urinvegsinfeksjon er også langt sjeldnare enn før.

– Før kunne eg ha vanskar med å tisse, og eg hadde mykje vondt i magen. Men no er det mykje betre. I framtida håper eg at vasstilgangen vil bli endå betre, og at folk si helse også vert betre, seier Wilson, som no også har betre tid og helse til å spele fotball – slik 13 år gamle gutar skal gjere.

Det er i år 50. gong at Kirkens Nødhjelp gjennomfører Fasteaksjonen. I 50 år har altså kyrkjelyder over heile landet bidrege til at millionar av menneske har fått den hjelpa dei har rett på. Reint vatn og tilgang på mat er ein rett alle menneske har, og Kirkens Nødhjelp kan aldri få gje nok takk til dei som har støtta aksjonen trufast gjennom 50 år.

2017 er også året der lutherske kyrkjer over heile verda markerer at det er 500 år sidan Martin Luther hang opp tesene i Wittenberg. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon står sentralt i den norske 500 års-markeringa, og målet er å vise diakoni i praksis ved å gå med bøsser den 2-4. april.

- Me kan ikkje alle berre reise til Wittenberg for å feire. Me må sette oss ned og sjå på alt me har oppnådd desse 500 åra. Me kan ikkje berre be om pengar, og seie halleluja og amen. Me må sjå på kva me kan gjere for samfunnet vårt, seier Emmanuel Makala som er biskop i den lutherske kyrkja i området der Wilson bur.

50 års-jubilanten Fasteaksjonen er den stødige påla i Kirkens Nødhjelps daglege arbeid. For å klare å hjelpe flest mogleg også dei neste 50 åra treng Kirkens Nødhjelp draghjelp frå våre trufaste bidragsytarar. Du kan bidra til at Fasteaksjonen i Leikanger kyrkjelyd både ved å gje pengar i bøssa, eller vippse ein sum til 2426, eller sende sms GÅVE til 2426. Då gir du 200 kr.

Det har aldri vore enklare å bli ein brønnbyggjar.

Glimt frå årsmeldinga 2016

Leikanger kyrkjelyd 2016



Lys vaken



Barnas påskefest. Mi kyrkjebok
6 år



Egon og konfirmantane



Pasjonskonsert med FIOR ensemble.
Foto Anna Karine Marstein



Egon og konfirmantane



Egon og konfirmantane



Kveldstonar ved Sognefjorden. Foto: Frøydis Geithus



Kveldstonar ved Sognefjorden. Foto: Frøydis Geithus



Mi kyrkjebok 4 år



Kyrkjelydsbasaren



Tårnagentar



Velsigna julenatt. Foto: Bjørg Anda



Blå salme. Foto: Egon Askvik

Leikangerkrusifikset frå Rinde stavkyrkje.

Jan Magne Rinde

Leikangerkrusifikset er eit kunstverk frå tidsepoken 1120-1150. Det har sitt opphav frå Rinde stavkyrkje, og vart sendt til Bergen Museum i november 1864. Soknekyrkja i Feios har truleg vore ein del av Leikanger prestegjeld frå reformasjonen. Denne reforma vart vedtatt i 1536 av kong Christian III i det dansk-norske riket, og gjennomført i 1537.



Kopi av Leikangerkrusifikset i Leikanger kyrkje.
Foto: Jan Magne Rinde

Det originale krusifikset er i Historisk Museum, Universitetet i Bergen, og er presentert i ei omfattande kyrkjekunstutstilling med kunstsattar frå bygdene langs Sognefjorden. Krusifikset som kunstuttrykk var ei tidleg framstilling i den angelsaksiske og nordisk-northumbriske kulturkretsen, skriv Harry Fett. Stilarten er skildra som ei utvikling frå bysantinsk via italiensk kunst til ein angelsaksisk og nordisk-northumbrisk stilart som ein kan finne nokre få døme på. Leikangerkrusifikset er kategorisert i denne gruppa frå mellomalderen. Eit krusifiks av Leikangertypen finst i Skien museum, ifylgje Fett. Skien museum som i dag er ein del av Telemark Museum, har truleg dette krusifikset i samlingane sine, datering på eit krusifiks der er antatt å vera frå 1200-talet. Bilete frå museet viser at denne skulpturen formmessing har likskap med Leikangerkrusifikset. H. Fett viser elles til eit arbeid med same krosstype i Exterstein ved Horn, Tyskland, som er tidfesta til 1115. Men der er krusifikset festa som eit relieff der skulpturen har hår, skjegg og lendeklede som truleg er identisk i uttrykksform med Leikangertypen. (Bode, 1887).

Denne kunstforma var truleg eit sentralt ledd i kristningsprosessen. Etymologisk er ordet «krusifiks» latinsk og tyder «festa til krossen». Etter som trongen for kyrkjer oppstår utover mellomalderen er utsmykking som portalar, interiør og krusifiks eit uttrykk og formidling av bodskapen som stod sentralt i den katolske kristendommen. Det førte til at det særleg i byane Bergen, Oslo og Trondheim vaks fram ulike handverkslaug knytt til kyrkjene. Dei arbeidde til dømes med treskurd og måling etter maler eller «forlegg» som Brendalsmo kallar desse skissene. Handverkaren knytt til bispeseta hadde vanlegvis si opplæring i desse bymiljøa og gav gjerne kunstverka sitt individuelle preg. (Brendalsmo, Frøysaker, Jensenius, 2001) I mellomalderen var sjøvegen sentral med Sognefjorden som samferdselsåre. Det kan kanskje vera ei medverkande årsak til den rike kyrkjekunsten langs fjorden som ein finn både i form av kyrkjebygg og dekor med basis i ein avansert treskurdtradisjon. Dette avspeglar seg i kyrkjekunstutstillinga ved Historisk Museum i Bergen. På Historisk Museum i Oslo er òg ein skulptur frå midtre Sogn, St. Olav frå Fresvik kyrkje er truleg frå 1200-talet.

Den visualiserte framstillinga gjennom ornamentikk og skulptur var sentral, truleg fordi den allmenne lese- og skrivekunsten tilhørde samfunnseliten på denne tida. Kyrkja si makt som samfunnsaktør stod sterkt utover mellomalderen, og kyrkjespråket var latin. (Anker, 1981) Bergens Kalvskinn er i så måte ei viktig kjelde som viser til Vestlandet som økonomisk og politisk sentrum i mellomalderen. (Johannessen, 2016) I Noreg utvikla fyrst og fremst lese- og skriveugleiken seg etter at konfirmasjonen vart innført i 1737, og med innføring av allmugeskulen frå 1739. (Thuen, 2004)

Historikken til dette krusifikset er skildra av riksantikvar N. Nicolaysen i Norske Fortidslevninger frå perioden 1862-1864: «*Rinde el. Fedjos. Kirken er af stavverk i form af en aflang firkant med et taarn eller støpel imod vest. Paa støpelens loft henlaa i 1861 et forgylt Kristusbillede af ek, 2 alen langt, som mot formodentlig tilforn har været festet over korbuen; det har krone, jevnside ben og er indhulet i ryggen.*» (Nicolaysen, 1862-1866, s. 470) Denne skildringa saman med opplysningar, som til dømes formannskapsdokument frå Leikanger kommune og dokumentasjon ved Universitetet i Bergen, tyder på at det er dette krusifikset som Nicolaysen skildra. Krusifikset er tatt vare på i Bergen, og det er ein kopi i Leikange kyrkje frå 1960-talet. I den same boka skildrar Fett to «billeder» frå Leikange kyrkje: «*Paa loftet over sakristiet var i 1861 2 store 7 fod høje billeder av eke træ af Peter og Johannes, men begge næseløse og elles ramponerede.*» (Nicolaysen, 1862-1866, s. 466)

I formannskapsdokumenta frå Leikanger kommune ligg eit brev frå riksantikvar N. Nicolaysen til sokneprest Johan D. Haslund datert 26.oktober 1864. Riksantikvaren ber soknepresten om å syta for at krusifikset som er i Rinde stavkyrkje vert sendt gratis til Bergen museum med amtsbåtane, som det den gongen heitte. Sokneprest Haslund vidareformidlar denne budskapen til ordførar Sjur Sæterlie i eit brev dagsett 11.november 1864. Deretter viser registreringa ved Bergen museum at krusifikset er motteke i februar 1865. (Rinde, 2016) Det er nokre usikre faktorar i høve til den fyrste omtalen til riksantikvar N. Nicolaysen frå 1861. Han nemner at krusifikset var av «ek» eller eik, men ved nærmare vurdering har ein funne ut at det er ein anna tresort. Informasjonane frå Historisk Museum viser at krossen er av furu og Kristus av bjørk eller lind. Teknikken er hogge og skore med eit tynt lag måling over. B .E .Bendixen har òg skildra krusifikset i Bergens Museums Aarbog 1909, s.20.

Kunstverka som her er omtalt, tyder på at treskjerarkunsten og handverket stod sterkt innan kyrkjekulturen i Sogn. Leikangerkrusifikset representerer bilethoggarkunsten på linje med det som inngår i den rike i stavkyrkje - og steinkyrkjekulturen frå denne tida.



Foto: Telemark Museum.



Foto: Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design.
Baldersteinen. Teikning. Thomas Fearnley 12.august 1839

Magasinansvarleg Kari B. Bjercke skriv «at dette er registrert ved museet som trekrusifiks fra Siljan (tidl. Slemdal) kirke. Romansk type. Har angivelig vært montert på en prosesjonsstav.»

Litteraturliste:

Anker, Leif. (1981) Høymiddelalderens skulptur i stein og tre. Norges kunsthistorie. Bind 2 Høymiddelalder og Hansatid. Gyldendal Norsk Forlag – Oslo

Bendixen, B.E. (1909) Aus der mittelalterlichen Sammlung des Museums in Bergen. Bergens Museums Aarbog Nr. 16.
Bode, Wilhelm.(1887) Geschichte der deutschen Kunst II. Die Plastik, Berlin

Brendalsmo, A.J., Frøysaker, T., Jensenius, J.H. (2001) Kors og krusifiks. Tre utsnitt av deres historie. NIKU publikasjoner 105: 1-46.

Fett, Harry. (1908) Billedhuggerkunsten i Norge under Sverreætten. ALB. Cammermeyers Forlag, Kristiania
Johannessen, Ole-Jørgen. (2016) Bergens Kalvskinn. Kildeutgivelse fra Riksarkivet, Oslo

Nicolaysen, N. (1862-1866) Norske Fornlevninger. En opplysende fortegnelse over Norges fortidslevninger, ældre end reformationen og henførte til hver sitt sted. Udgivet af foreningen til norske fortidsminnemerkes bevaring. Kristiania
Carl C. Werner & Comp's Bogtrykkeri

Rinde, Jan Magne B. (2016) Rinde kyrkjestad. Feios kyrkje 150 år. Feios sokn

Solberg, Bergljot. (2015) Norsk Biografisk Leksikon. Nicolay Nicolaysen

Thuen, H. og Vaage S. (red.) (2004) Pedagogiske profiler. Norsk utdanningstenking frå Holberg til Hernes. Abstrakt Forlag

Kvar morgon går eg inn i kyrkja

Å stå opp tidleg er ein god vane, sjølv om nokon påstår det er ein uvane å vera oppe før fuglane har tenkt tanken. Ein tur til fots gjer godt, og så å gå innom den opne kyrkja vår. Kveikja eit lys, be ei bøn og lysa velsigninga. I alle himmelretningar.

Herren velsigne deg og vare deg

Eg vender meg mot nord. Lyser velsigninga oppover bakkane. At dei på Leite må få ein velsigna dag. Likeeins alle sunnfjordingar, nordfjordingar, møringar, trøndarar og nordlendingar. Ei særleg velsigning og bøn om vern av våre sårbare nordområde. Tenkjer på isen i Arktis som smeltar etterkvart som temperaturen på jorda stig. Ei bøn om vern, så ikkje klimaendringane tek livet av oss og våre etterkomarar.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Hendene vert lyfta mot vest. Hanahaug og ytrebygda. Visste du at Sognefjordvegen går like til Lavik? Velsigning over heimefolket mitt, strilane, og sjølv om det kan sitja langt inne: bergensarane er inkluderte. Velsigning over biskopen og staben hans. Og over gode vener i Austrheim og Fedje der eg tidlegare fekk vera prest. At Herrens andlet særleg kan lysa for dei som eg veit slit og har tunge dagar og vera nådig mot alle som i desse dagar vert utan arbeid.

At Herren må sjå i nåde til dei engelske øyane, livet i det store Atlanterhavet og på det amerikanske kontinentet.

Herren lyfte sitt åsyn på deg

Eg ser mot aust. At Gud ser til dei innaføre, på Hermansverk, Henja, Røysaleite, Dalen – ja heile strondi.

Lys for alle austlendingar og vår mektige nabo i aust. At me ikkje går mot ein ny kald krig med opprusting, men kan byggja freden. Og endå lenger aust, det enorme Kina, den unge nye økonomiske stormakta. Som held oss med rimelege klede. Vaksne, ungdommar og born betalar prisen med lange arbeidsdagar, ofte med dårlege arbeidsforhold og ei lusaløn.

Og gløym heller ikkje sogndølene, om me no skal slåast saman med dei eller ikkje!

Og gje deg fred


Til sist vender eg blikket mot sør. Der ufred, vald og urett rår i alt for stor grad.

Guds velsigne Tyskland, Italia, Tyrkia og Hellas og landa som har teke imot det uendeleg lange fylgjet av flyktningar som har kome til dei frå sør. Gud, gje fred i Syria og rettferd i Eritrea! Velsign og gje vern til alle som no er om bord i ein livsfarleg båt, eller som vandrar til fots, rømt frå heim og hus, familie, vener og arbeid, på veg ut i det ukjende. Ikkje fordi dei vil, men fordi dei må. Gje fred og rettferd i Midtausten, der konfliktane ikkje ser ut til å ha nokon ende.

Og Afrika, dette store, mangfaldige, fargerike, varme kontinentet. Som heilt ufortent har vorte synonymt med svolt og naud. Eg tenkjer med glede på songen, dansen, gleda og motet. Ikkje på grunn av omstenda, men på trass av situasjonen dei er i.

Og eg seier **Amen**.

Tekst og foto Egon Askvik: Teksten er frå "Prestegardstankar" 8.mars 2016 og vart lesen som avslutning på minnesamværet gravferdsdagen.




Glede og sorg

Døypte

27.11.2016 Linnea Eriksen
08.01.2017 André Stølen Synnevåg
08.01.2017 Eik Klingenberg Andersen Døpt i Årdal kyrkje
22.01.2017 Ole Magnus Y. Eggum
19.02.2017 Tone Kvam Holst

Gravlagde

01.12.2016 Per Trygve Stadheim
04.01.2017 Olav Hamre
06.01.2017 Egon Askvik



Brukar boka "Kyrkjefolk" på soknerådsmøta



EGON ASKVIK KYRKJEFOLK



Då det nyvalde soknerådet i Stedje var samla til sitt første møte seint på hausten 2015, fekk alle medlemmane ei gåve frå det avtroppande soknerådet: kvar sitt eksemplar av Egon Askvik si bok, «Kyrkjefolk».

Det å vera i soknerådet var eit nytt verv for dei alle fleste, og på vårt første møte snakka vi saman om kven vi var, om oppdraget vårt som sokneråd, og om mangfaldet mellom menneska i kyrkjelyden. Då kom det fram ein ide: Kva om vi nyttar boka «Kyrkjefolk» som satsplanke for å halda fram denne samtalen gjennom det komande året, og slik også bli betre kjende med kva som betyr noko for den einskilde, kva vi brenn for og tykkjer er viktig?

Og slik vart det. Til kvart møte gjennom dette første året har to av medlemmene innleia til ein kort samtale ved at kvar av dei presenterer to av personskildringane i boka. Først ein som dei kjenner seg att i, som dei har mykje til felles med, eller som sa noko som gav mykje gjenklang. Deretter ein som utfordra dei, ein som dei tykte var vanskeleg å forstå, eller som dei ikkje kjende seg heilt att i.

Ut frå dette har det blitt mange spennande innleiande samtalar før vi har gått laus på saklistene. Samtalar om kva det er å vera kyrkjelyd og om å vera sokneråd. Om å vera kyrkjefolk, rett og slett. Takk til Egon og alle som er med i boka!

Kjell Olav Høstaker Nordheim

KYRKJEFOLK er også presentert på www.kyrkja.no med utdrag. Gå inn på nettsida og sjå.

Det er få eksemplar att av 1.opplag av boka Kyrkjefolk.
Kan bestillast på epost: kirsti.svangstu@enivest.net.
Kr.349, + kr.100 i porto

Kan hentast portofritt i kyrkja



Plata "Over Stjernebru" vart spelt inn i Leikanger kyrkje sommaren 2016 og lansert på konsert 7.oktober. askvik5 og gode vener syng kveldsalmar, songar og båsullar. Publikum er også med på nokon av songane.

Plata er til sals og kan bestillast på epost hfaskvik@gmail.com . Plata kostar kr.169 + porto. Kan hentast portofritt i kyrkja.

 **LEIKANGER Fjord Hotel**

Tlf: 57 65 60 20



Leikanger auto
Telefon 576 53 100

post@leikangerauto.no
www.leikangerauto.no

**Støtt våre
annonsørar-
dei støttar
oss!**



Tlf: 57 65 11 00




Telefon: 57 68 14 77 (heile døgnet)
E-post post@sogngravferdshjelp.no

Kjell Grønli
Hans Magne Kvåle
Hege Urnes
Ingar Husum



sparebanken
sogn og fjordane
Tlf: 57 82 97 00
www.ssf.no



Sogn Kontorsenter

Leikanger - Årdal
57 67 66 99
www.sognkontorsenter.no



TIPPING - RIKSTOTO
08-22 (20)



Oppslagstavla!

BABYSONG
Baby song tek ein pause frå 30. mars
og fram til hausten. Vel møtt etter
sommarferien!

SOKNERÅDET
Soknerådet har møte 26. april og 7.
juni. Bjørg Anda (mob. 476 76 893)
er leiar.

MARKERING AV JOHAN NORDAHL BRUN-PRISEN TIL
EGON ASKVIK

MARKERING AV 50
EGON ASKVIK

Like før soknepresten vår, Egon, gikk bort, blei han tildelt Johan Nordahl Brun-prisen av Bjørgvin bispedømme og Bergen kommune. Det blir ei markering av tildelinga søndag 23. april kl 18.00 i Korskirken i Bergen. Det blir om lag ein times program og så kyrkjekaffi.

for alle som er i Bergen de
for er Bjør

Markeringa er open for alle som er i Bergen denne helga og ønskjer å ære Egon. Arrangør er Bjørgvin biskop i samarbeid med Kirkens bymisjon.

JUBILEUMSGUDSTENESTE. HOLUM
MISJONSLAG 150 ÅR.
17. september, kl 11:00. Samling på
Kyrkjelydshuset etterpå.

ANDAKT PÅ SJUKEHEIMEN
Etter påske blir det andakt på sjukeheimen annankvar tysdag kl 12. Andaktene er opne for alle interesserte.
Sokneprest Vegard Bondevik Lie vil halde fleire av andaktane. Vegard oppmodar andre som kan tenke seg å av og til halde andakt om å ta kontakt med han på mobil 906 19 080.

GÅVER TIL KYRKJELDUSHUSET
Det har blitt samla inn i alt
kr 70.000 til den planlagde
rehabiliteringa av Kyrkjelydshuset
(kr 30.000 på kyrkjelydsbasaren
og kr 40.000 gjennom gåvegiroar).
Tusen takk for gåvene!

MUSIKALSK
"askvik5 kjem med musikalske
bidrag på gudstenestene
skjærtorsdag og påskedag"

DUGNAD PÅ KYRKJEGARDEN
Det vert dugnad på kyrkjegarden
torsdag 27. april kl. 18.00. Ta med
hagesaks og rive, og gjerne litt mat
og kaffi.

TYS DAGSTREFF!
 Annakvar tysdag kl.11.30 i Vårens siste
 tysdagstreff er 18. april på Kyrkjelydshuset.
 Treffet startar med trim kl 11.30 og held
 fram med varm mat kl 12.00.

KYRKJERINGANE SITT VÅRMØTE
 Dei tre kyrkjeringane har felles møte 4. april. Dette er
 leiarane i kyrkjeringane:
 Ytre: Synneva Husabø
 Midtre: Solveig Hagen
 Indre: Sofie Henjum/Ingeborg Ugulsvik

«KYRKJESKYSSEN»
Ønskjer du skyss til gudstenestene? Soknerådet organiserer transport til gudstenestene for dei som treng skyss. Vi hentar på døra og køyrer deg heimatt etter gudstenesta. Tilbodet er gratis. Ønskjer du å bruke tilbodet eller har spørsmål, kan du ringe Sindre Børsheim Ramung (976 82 499) eller Bjørn Søltnæs (476 49 119).

Frivillige g ver til kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsbladet er finansiert av frivillige g ver og annonseinntekter.

Dersom du ønskjer å gi ei
gåve til kyrkjelydsbladet
er kontonummeret
3781.07.30316.

Tusen takk til alle dykk som
bidreg til drifta av bladet!

[illegible]

KYRKJEKALENDAR

April-september 2017

April

Søndag 2. april. 4.søndag i fastetida

Joh. 11, 45-53

kl 11:00. Gudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Sverre Volle. Offer til Røde kors besøksteneste.

Torsdag 13. april.

Skjærtorsdag

Matt. 26, 17-30

Kl 12:30. Sportsandakt ved Britasteinbu. Kjell Olav Høstaker Nordheim.

kl 19:00. Nattverdsgudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Sverre Volle. Offer til A21. Med musiklaske bidrag frå askvik5

Fredag 14. april. Langfredag

Luk. 22,39 - 23,46

Kl 17:00. Påskekudsteneste med nattverd på Leikanger sjukeheim. Sokneprest Vegard Bondevik Lie.

Kl 19:00. Pasjonskveld. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Sverre Volle. Offer til Kirkens bymisjon Bergen.

Søndag 16. april. Påskedag

Luk. 24, 1-9

Kl 11:00. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og Organist Sverre Volle. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband. .Med musiklaske bidrag frå Askvik5

Søndag 30. april. 3. søndag i påsketida

Joh. 10, 11-18

Kl 11:00. Familiegudsteneste. Barnas påskefest - med utdeling av 6-årsbok. Vikarprest Mikael Bruun og organist Sverre Volle. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.



Sjå oppdaterte gudstenestelister på <http://www.leikanger.kommune.no/kyrkjekalendar.4850977-172067.html>

Mai

Søndag 7. mai. 4. søndag i påsketida

Joh. 16, 16-22

kl. 19.00. Kveldsgudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Sverre Volle. Offer til Frelsesarmeen.

Onsdag 17. mai. Noregs nasjonaldag

Luk. 1, 50-53

kl. 10.15. Festgudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie og organist Sverre Volle. Offer til Amnesty International.

Søndag 28. mai. Søndag før pinse

Joh. 15, 26-27

kl. 19.00. Ung messe. Vikarprest Mikael Bruun, kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik og organist Sverre Volle. Offer til Institutt for sjelesorg.

Juni

Laurdag 3. juni. Pinsefta

Joh. 20. 19-23

Kl. 12.00. Konfirmasjonsgudsteneste. Ungdomsprest Andreas Danbolt, kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik og kantor Hallgeir Øgaard Westli. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 4. juni. Pinsedag

Joh. 20. 19-23

Kl. 11.00. Konfirmasjonsgudsteneste. Ungdomsprest Andreas Danbolt, kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik og kantor Hallgeir Øgaard Westli. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

Kl. 13.00. Konfirmasjonsgudsteneste. Ungdomsprest Andreas Danbolt, kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik og kantor Hallgeir Øgaard Westli. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

25. juni. 3. søndag i treeiningstida

Luk. 14, 15-24

kl. 11.00. Sokneprest Vegard Bondevik

Lie og kantor Hallgeir Øgaard Westli. Offer til Acta b&u i Normisjon.

Juli

Søndag 9. juli. 5. søndag i treeiningstida

Jer. 23, 16-24

Kl. 11.00. Gudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie.

Søndag 30. juli. 8. søndag i treeiningstida

Matt. 6, 19-24

Kl. 11.00. Gudsteneste. Vikarprest Kjell Olav Høstaker Nordheim.

August

Søndag 13. august. 10. søndag i treeiningstida

Luk. 5, 27-32

Kl. 11.00. Gudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie.

Søndag 20. august. 11. søndag i treeiningstida

Matt. 23, 37-39

Kl. 12.00. Friluftsgudsteneste ved Skriksvatnet. Sokneprest Vegard Bondevik Lie. Felles med Norum sokn. Kl. 18.00 Skulestartgudsteneste. Kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik og sokneprest Vegard Bondevik Lie.

September

Søndag 3. september. 13. søndag i treeiningstida

Matt. 25, 14-30

Kl. 11.00. Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Sokneprest Vegard Bondevik Lie.

Søndag 17. september. 15. søndag i treeiningstida

Matt. 5, 38-48

Kl. 11.00. Gudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie. 150-årsjubileum for NMS-foreining.